# Kople deg til internett

**PC/MAC:**

Klikk på WiFi-ikonet nede i høgre hjørnet (PC) eller oppe i høgre hjørnet (Mac) og vel “**VLFK**”. Skriv inn **brukarnamnet** og **passordet** ditt.

---

**iPhone:** Opne WiFi-innstillinga og vel “**VLFK**”. Skriv inn brukarnamnet og passordet ditt og trykk “**Koble til**”. Då vil det kome opp ei side der du må godkjenne sertifikatet til nettverket. Trykk på Godkjenn-knappen oppe til høgre og du vil bli kopla til nettet.

*(Av og til må man gjerne klikke “Koble til” 3-4 gongar før ein blir kopla til nettet)*







**Android:** Opne WiFi-innstillinga og vel “**VLFK**”. Skriv inn brukarnamnet ditt i feltet “Identitet” og passordet på “Passord”.

Feltet “Anonym Identitet” skal stå tomt.

Pass på at ‘**CA-sertifikat**’ har innstillinga ‘**Ikke bekreft**’.




# Installere Office

1. Gå til **‘https://portal.office.com/‘** og skriv inn brukarnamnet ditt slik: **e-dittbrukarnamn@iskule.no**
2. Skriv deretter inn **passord** og **logg inn.**




---

3. Når du har logga inn, kjem du til denne sida. Naviger deg oppe til høgre på skjermen og trykk på **‘ Installer Office ‘**.




4. Trykk deretter på **‘Office 365-apper‘**. Office vil då bli lasta ned. Opne programmet som vart lasta ned og følg instruksen.




---

# ItsLearning

1. Gå til **https://hfk.itslearning.com** eller klikk på ItsLearning-ikonet på sida **https://skoleportalen.no/**




2. Klikk på “Pålogging for elevar og lærarar (Azure)”




# G-suite

1. Gå til **https://google.no/** og klikk på **Logg på**-knappen oppe til høgr




2. Gå til **https://google.no/** og klikk på **Logg på**-knappen oppe til høgre




3. Når Microsoft-sida kjem opp, skriv du inn **e-brukarnamn@iskule.no** og klikk “Neste”.




4. Deretter skriv du inn passordet ditt og klikkar “Logg på”.

## Utskrift

1. Gå til **'https:/ utskrift.vlfk.no/end-user/ui'**
2. Skriv inn brukarnamnet ditt slik: **e-brukarnamn** og passord.




---

3. Inne på startsida navigerer du over til venstre og trykkjer «Last opp jobb»
4. På denne sida kan du enten trykkje på «Velg filer» og navigere deg fram til fila du skal skrive ut, eller dra fila direkte frå filutforskaren inn på sida.







---

5. Før fila vert lasta opp får du nokre val om korleis du vil ha arket ditt. Om du ikkje vil endre noko så trykkjer du vidare på «Last opp».

No kan du gå til den næraste skrivaren og få ut arket ditt.




For elevar er det mogleg å sende fila som vedlegg til e-postkontoen **utskrift@vlfk.no** frå elev-epostkontoen deira.

Har du gløymt passordet ditt? Følg rettleiinga på nettsida **https:/ passord.vlfk.no**

Ta kontakt med IKT-konsulenten på skulen om du har andre ITspørsmål, eller send dei inn frå nettskjemaet vårt på **https:/ elevhjelp.vlfk.no**

# Datahjelpa

## STARTGUIDE FOR BRUK AV IT PÅ SKULE

IKT-Tenesteleveranse
VESTLAND FYLKESKOMMUNE